

# 2020

Statistikk over norske pengespel og lotteri

Annual statistics report from  
The Norwegian Gambling  
and Foundation Authority

## Norske pengespel 2020

Gambling in Norway



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet



# Innhold

Føreord .....	4
1. Samandrag .....	5
2. Endring i omsetning .....	13
3. Norsk Tipping AS .....	15
4. Norsk Rikstoto .....	23
5. Spel på nett og mobil – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto .....	26
6. Bingo .....	28
7. Andre lotteri .....	32
8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn .....	36
9. English summary .....	37
10. Vedlegg .....	40

# Covid-19 påverka den norske pengespelmarknaden

2020 var det første året der marknad og omsetning vart påverka av ein pandemi. Spel som var upåverka av pandemien hadde ein omsetningsauke, medan spel som vart råka av restriksjonar for å hindre smitte hadde ein reduksjon i omsetning.

Det var ein auke i omsetninga hos Norsk Tipping. Dette gjeld for lotterispela (talspel) og skrapeloddet Flax. Omsetninga auka også for dei interaktive spela i kategorien Instaspill, der Norsk Tipping tilbyr online kasino, online skrapespel og online bingo. Rikstoto hadde også ein omsetningsauke i 2020. Rikstoto tilbydde hestespel på hesteløp i land der spel ikkje var stengt ned, og hovudsakleg frå Sverige og Frankrike.

Ein stor auke, som også er litt av det kuriøse slaget, hadde Pantelotteriet. Årsaka var at når færre nordmenn kjøpte drikkevarer i Sverige, panta fleire emballasje med norsk pant på panteautomatane.

Spel som vart negativt påverka av koronapandemien hadde redusert omsetning. Dette gjaldt mellom anna spel i bingolokale og spel på skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn. Norsk Tipping sine terminalspel Multix og Belago, samt sportsspel, hadde også redusert omset


ning. For å redusere smitte var t.d. bingohallar og speleterminalar stengt i periodar, og for sportsspela var det særleg før sommaren 2020 færre sportshendingar å spele på.

For bingo var det likevel to former for bingo som hadde ein auke, det eine var hovudspela som bingoentreprenørane tilbyr over internett. Det andre var radio- og TV-bingo.

Målingar som Sentio Research AS gjer på oppdrag for Lotteritilsynet indikerer at det i koronaåret 2020 var fleire som spelte talspel, skrapespel og deltok i Pantelotteriet. Deler av veksten ser ut til å henge saman med spel på nett. Det var fleire som spelte på mobil og nett i 2020 enn i 2019.

Endringar i omsetninga har vi tidlegare omtalt i den foreløpige pengespelstatistikken for 2020<sup>1</sup>.

*Førde, februar 2022*



**Atle Hamar**  
direktør

<sup>1</sup> <https://lottstift.no/content/uploads/2021/06/Norsk-regulert-marknad-2020-.pdf>

## Samandrag

I den norske spel- 1 milliardar kroner. Av dette gjekk 40 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 11 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2020

År 2020	Millionar	
	NOK	EUR <sup>2</sup>
Brutto omsetning (spelt for)	51 015	4 759
Gevinst	40 065	3 737
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	10 950	1 021

År 2020	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>3</sup>	9 483	885	2 036	190
Per innbyggjar 18 år og eldre	11 963	1 116	2 568	240
Per husstand <sup>4</sup>	20 389	1 902	4 377	408
Prosent av disponibel inntekt <sup>5</sup>	3,22 %		0,69 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 9 483 kroner i 2020.

Dette er 210 kroner meir enn i 2019 då satsa beløp per innbyggjar var på 9 273 kroner.

Om vi trekkjer frå gevinstante vil kvar innbyggjar i 2020 ha lagt igjen 2 036 kroner. Av husstanden

sine disponible inntekter utgjer dette 0,7 prosent. Beløpet som er lagt igjen etter gevinstutbetaling er 58 kroner meir enn i 2019 (kr 1 978).

At satsa beløp har auka meir enn det som er lagt igjen, heng saman med at det vert spelt meir på spel med høg gevinstprosent.

2 Middelkurs 2020 frå Norges Bank 10,7207


3 Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2020 og 1/1-2021.

4 Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,15 (SSB).

5 SSB: Disponibel inntekt 2019: 1 582 001 millionar kroner.

## Brutto omsetning i 2020

Den norske pengespelmarknaden – brutto omsetning 2020, totalt 51 015 millioner



I 2020 speltenordmenn for 51,0 milliardar kroner mot 49,6 milliardar i 2019.

I 2020 vart det satsa 42,6 milliardar på Norsk Tipping sine spel, om lag 4,1 milliardar<sup>6</sup> på Multix- og Belago-spel, og 22,6 milliardar på dei nettbaserte spela (kasinospel, bingo og skrapespel). På hestesport spelte nordmenn for nær 3,6 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjør den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på vel 3,8 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten og 3,7 milliardar, inkludert sidespel i

bingo (elektronisk<sup>7</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør vart 116 millionar kroner.

Blant dei andre lotterier er det samla sett dei fem større lotterier med lisens (etter § 7 i Lotteri- lova) som hadde størst omsetning, og saman med landslotterier utgjorde omsetninga 559 millionar. For mindre lokale og regionale lotteri<sup>8</sup> estimerer vi omsetninga til 150 millionar kroner. På grunn av covid-19 vart ikkje NM i poker gjennomført i 2020.


Det vart spelt for 302 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

<sup>6</sup> 2 131 millionar kr på Multix og 1 929 millionar på Belago.

<sup>7</sup> Databingo.

<sup>8</sup> Mindre lotteri, såkalla basarar, er ikkje medrekna.

## Den norske pengespelmarknaden 2020, marknadsdelar av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 91 prosent av marknaden.

## Pengepremiar og gevinstar i 2020

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	42 594	34 083	8 510	80 %
Norsk Rikstoto	3 589	2 481	1 108	69 %
Bingo med entreprenør	3 707	2 969	738	80 %
Bingo utan entreprenør	116	48	68	41 %
Fem lotteri med lisens	459	185	274	40 %
Landslotteri	100	9	91	9 %
Lokale/regionale lotteri*	150	30	120	20 %
Poker-NM	0	0	0	-
Spel på skip	302	261	41	86 %
<b>Totalt</b>	<b>51 015</b>	<b>40 065</b>	<b>10 950</b>	<b>79 %</b>

\*) Omsetning for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 40,1 milliardar kroner av innsatsen på 51,0 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent gjekk det mest tilbake frå spel på skip (86 %), entreprenørbingo (80 %) og Norsk Tipping (80 %).

Einskilde lotteri bokfører ofte gevinstkostnad for varegevinstar og ikkje verdi på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (med andre ord på grunn av oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premiar er gitt som gåver).

# Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2020

Den norske pengespelmarknaden 2020, marknadsdelar av netto omsetning



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 88 prosent av marknaden i 2020.

## Fordeling til formål og administrative kostnader i 2020

Netto omsetning	Mill. kr	Mill. kr	Formål	Administrative kostnader	
			Prosent	Mill. kr	Prosent
Norsk Tipping	8 510	6 167	72 %	2 344	28 %
Norsk Rikstoto	1 108	564	51 %	543	49 %
Bingo med entreprenør	738	182	25 %	556	75 %
Bingo utan entreprenør	68	59	86 %	10	14 %
Fem lotteri med lisens	274	141	52 %	133	48 %
Landslotteri	91	38	42 %	53	58 %
Lokale/regionale lotteri *	120	110	92 %	10	8 %
Spel på skip	41	8	20 %	33	80 %
<b>Totalt</b>	<b>10 950</b>	<b>7 269</b>	<b>66 %</b>	<b>3 681</b>	<b>34 %</b>

\*) Estimerte beløp




7,27 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (6,17 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (72 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 564 millionar til formåla.

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå mindre lokale lotteri og bingo utan entreprenør. For entreprenørbingo og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av nettoomsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 182 millionar, eller 25 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekter frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitela 3 og 6. Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn fekk formåla 8 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.

### Den norske pengespelmarknaden 2020, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Dei administrative kostnadene var 330 millionar lågare i 2020 enn dei var i 2019. Samstundes har nettoomsetninga auka med 373 millionar. Formåla har fått 703 millionar meir i 2020 enn i 2019 då formåla fekk 6 566 millionar kroner.

Administrative kostnader<sup>9</sup> i 2020 utgjorde 3,68 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør

og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,34 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (28 %). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Rikstoto sine spel (0,54 mrd.) og entreprenørbingo (0,56 mrd.).

<sup>9</sup> Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnader til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi synleggjere for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning i 2020 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnhavar Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	8 510	520	6 %
Norsk Rikstoto	1 108	82	7 %
<b>Totalt</b>	<b>9 618</b>	<b>602</b>	<b>6 %</b>

## Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter 2020	Mill.kr	Prosent
Idrett	3 749	51 %*
Kultur (tippenøkkel)	909	12 %
Musikk/kultur/fritid	286	4 %*
Hest/hestesport	564	8 %
Helse	687	9 %*
Humanitær	729	10 %*
Diverse	140	2 %*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	223	3 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	17	0,2 %
<b>Totalt</b>	<b>7 304</b>	<b>100 %</b>

\*I tillegg får formåla delar av 223 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3 %).

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkel tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar, samt helse- og rehabiliteringsformål. Fordelinga er forankra i Pengespelova § 10. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippenøkkel og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir betalt ut på to måtar: Tre beredskaps-organisasjonar får ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller vilkår i forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og

humanitære organisasjonar kan søke Lotteritilsynet om tilskot.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd kjem også frå Norsk Tipping si spelomsetning, og er heller ikkje medrekna i tippenøkkel.

I tillegg til midlar over tippenøkkel er det også utbetalt 35 millionar til mottakarar under tippenøkkel. Dette er opptente renter frå tidlegare år, og er omtalt i statsbudsjettet. Beløpet er medrekna her, men ikkje i formåla sin andel av spelomsetninga for 2020<sup>10</sup>.

<sup>10</sup> I tillegg til beløp over tippenøkkel mottok idretten 29,0 mill. opptente renter frå tidlegare år. Også 5,6 og 0,2 millionar kroner av opptente renter blei utbetalt til høvesvis samfunnsnyttig og humanitære organisasjonar samt stiftelsen Dam. I kapittel 3 der midlar er oppsplitta på type mottakarorganisasjon er 5,8 millionar med i oppstillinga for samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar samt stiftelsen Dam.

## Idrett (3 749 millionar\*)

Her inngår fordeling frå Norsk Tipping over tippesnøkkelen med 3 260 mill., 375 millionar frå grasrotordninga, 85 mill. frå entreprenørbingo, 18 millionar frå NT sine Belago-terminalar i bingolokale, 7 millionar frå spel på skip og 6 mill. frå landslotteri.

Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

## Kultur og fritid (1 195 millionar\*)

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping. 909 millionar blei fordelt over tippesnøkkelen.

I tillegg er 286 millionar i inntekt frå andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 196 mill., entreprenørbingo 44 mill., inntekt frå Belago med 9 millionar, spel på skip nær 1 mill., landslotteri 3 mill., og tildeling frå Lotteritilsynet på grunnlag av søknad 33 mill.

## Hest/hestesport (564 millionar)

Dette er inntekter som i si heilheit kom frå Norsk Rikstoto.

## Helse (687 millionar\*)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund og Stiftelsen Dam.

Stiftelsen Dam fekk 345 millionar frå Norsk Tipping via tippesnøkkelen, men i tillegg fekk andre helseorganisasjonar 222 millionar etter søknad til Lotteritilsynet. Vidare kom det 22 mill. frå landslotteri, 42 mill. frå entreprenørbingo, 10 millionar frå Belago, 44 millionar frå grasrotordninga (NT) og 0,2 million frå spel på skip.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

## Humanitær (729 millionar\*)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningsselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

Inntektene kom frå Norsk Tipping med 345 millionar, større lotteri med lisens 115 mill., landslotteri med 5 mill., entreprenørbingo med 6 millionar og 1 million frå Belago. I tillegg er det rekna med 8 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 104 millionar etter søknad til Lotteritilsynet og 0,3 million frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

## Diverse organisasjonar (140 millionar\*)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom etter søknad til Lotteritilsynet (66 mill), frå større lotteri med lisens (26 mill), frå entreprenørbingo (5 mill.), 1 million frå Belago, landslotteri (1 mill.), grasrotmidlar (NT) (40 mill.) og spel på skip (0,3 mill.).


## Tiltak vedkommande uheldig speleåtferd (17 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot, og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettningane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigheit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

*\* Uspesifiserte inntekter (223 millionar)*

*Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (59 mill.), lokale/regionale lotteri (110 mill.) og grasrotmidlar (54 mill.). Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele desse inntektene på formåla ovanfor, men 54 millionar av dette er inntekt frå bingo for lokalradio og lokal-TV.*

## Den norske pengespelmarknaden år 2020, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



## Endring frå år 2019

Formåla fekk for 2020 tilført 737 millionar<sup>11</sup> meir enn året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2019 Mill. kr	2020 Mill. kr	Mill. kr	Endring Prosent
Idrett	3 387	3 749	362	11 %
Kultur	805	909	104	13 %
Musikk/kultur/fritid	283	286	3	1 %
Hest/hestesport	495	564	69	14 %
Helse	640	687	47	7 %
Humanitær	607	729	122	20 %
Diverse	115	140	25	22 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	220	223	3	1 %
Tiltak vedk. speleavhengighet	15	17	2	13 %
<b>Totalt</b>	<b>6 567</b>	<b>7 304</b>	<b>737</b>	<b>11 %</b>

Det er fleire årsaker til auken. Mellom anna at spel som gir størst prosentvis del til formålet har auka omsetninga. Dette gjeld Norsk Tipping, Rikstoto og dei større § 7-lotteria.

<sup>11</sup> Det er utbetalt 35 millionar ekstra til mottakarar under tippnøkkelen. Dette er opptente renter frå tidlegare år, og er omtalt i statsbudsjettet. Beløpet er medrekna her, men ikkje i formåla sin andel av spelomsetninga for 2020.

# Endring i omsetning

# 2.

<b>Den norske pengespelmarknaden totalt</b>								Endring
Tal i millionar kroner	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2019–2020
Brutto omsetning (spelt for)	35 852	38 490	40 709	43 671	46 548	49 592	51 015	3 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	9 288	9 752	10 143	10 270	10 480	10 577	10 950	4 %

Omsetninga er auka med 3 % for brutto og nærare 4 % for netto.

<b>Norsk Tipping<sup>12</sup></b>								Endring
Tal i millionar kroner	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2019–2020
Brutto omsetning	26 911	29 742	32 029	34 916	38 122	40 267	42 594	6 %
Netto omsetning	6 727	7 234	7 680	7 835	8 142	8 156	8 510	4 %

Brutto omsetning i 2020 auka med 6 % samanlikna med året før. Netto omsetning (etter premie-utbetaling) auka med 4 %. Forskjell i auken skuldast omsetningsauke i spel med høg gevinstprosent, som t.d. online kasino.

<b>Norsk Rikstoto</b>								Endring
Tal i millionar kroner	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2019–2020
Brutto omsetning	3 649	3 728	3 881	3 894	3 611	3 398	3 589	6 %
Netto omsetning	1 183	1 199	1 244	1 242	1 154	1 074	1 108	3 %

Norsk Rikstoto si brutto-omsetning i 2020 er auka med 6 % samanlikna med 2019. Frå 2018 til 2019 hadde selskapet ein reduksjon i omsetninga.

<b>Entreprenørbingo</b>								Endring
Tal i millionar kroner	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2019–2020
Brutto omsetning	4 332	4 078	3 836	3 737	3 648	4 638	3 707	-20 %
Netto omsetning	925	868	757	726	696	807	738	-9 %

Omsetning i entreprenørbingo er redusert med 20 % for brutto omsetning, men mindre for netto omsetning. Reduksjonen er meir omtalt i kap 6 om bingo.

<b>Landslotteri og fem lotteri med lisens</b>								Endring
Tal i millionar kroner	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2019–2020
Brutto omsetning	272	269	283	292	308	424	558	32 %
Netto omsetning	222	219	225	230	231	261	365	40 %

<sup>12</sup> Fram til 2015 var spelet Extra presentert for seg. Extra er frå 2016 ein del av Norsk Tipping sin ordinære spelportefølje. Omsetningstal for Extra er her medrekna i tal frå 2014 til og med 2015.

Landslotteria, og fem lotteri med løyve etter § 7 (Pantelotteriet, Postkodelotteriet, Unicef-lotteriet, FotoLotto og Norgeslotteriet) har til saman 32 % auke målt etter brutto omsetning. For netto omsetning er auken 40 %. Det er to av § 7 – lotteria som bidreg til denne veksten. Sjå kap 7 for nærare omtale av lotteria.

## Andre spel/lotteri

<b>Poker-NM</b>						
Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Brutto omsetning	16	19	17	21	22	0
Netto omsetning	2	3	3	3	4	0

Poker-NM vart arrangert for første gang i Norge i 2015. På grunn av covid-19 vart ikkje denne turneringa arrangert i 2020.

<b>Bingo utan entreprenør</b>	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tal løyve	260	250	250	240	240	230	175
Omsetning <sup>13</sup> (brutto omsetning, tal i millionar)	115	116	116	118	113	127	116

Omsetning for bingo utan entreprenør er rapporterte tall i Lotteriregisteret. Omsetning for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Tal lag som har gjennomført bingo er i 2020 redusert og omsetninga er redusert. Isolert sett har det vore ein vekst for kategorien radio/TV-bingo.

<b>Lokale/regionale lotteri</b>	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Tal meldingar motteke	2 250	2 300	2 380	2 600	2 610	2 880	2 310
Tal løyve gitt	70	60	60	68	68	70	48
Estimert omsetning <sup>14</sup> (brutto oms. tal i mill.)	120	130	150	140	160	160	150

Vi har registrert færre lotteri i 2020 enn i 2019. Omsetninga reknar vi med er litt redusert.

<b>Spel på skip</b>								
Tal i millionar kroner	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	Endring 2019–2020
Brutto omsetning	453	412	395	557 <sup>15</sup>	566	556	302	- 46 %
Netto omsetning	87	80	77	74	85	86	41	- 52 %

Samanlikna med tidlegare år er omsetninga om lag halvert i 2020.


<sup>13</sup> Estimert omsetning til og med 2014, reelle tall frå 2015.

<sup>14</sup> Estimert omsetning avrunda til 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte).

<sup>15</sup> Frå 2017 blir brutto omsetning rapport på anna måte enn tidlegare. Difor er ikkje brutto omsetning til og med 2016 samanliknbar med seinare omsetning.

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 42,6 milliardar kroner i 2020.

## Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2020, total 42 594 millionar kroner



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Talspel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget og Extra	11 243	26 %
Sportsspel:	Tipping	432	1 %
	Odds <sup>16</sup>	1 867	4 %
	Liveodds <sup>17</sup>	1 275	3 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 071	3 %
Terminalspel:	Multix og Belago	4 060	10 %
Instaspill:	Online – Flax, Bingoria og KongKasino	22 644	53 %
Total brutto omsetning		42 594	100 %

<sup>16</sup> Her inngår Langoddsen og Oddsbomben.

<sup>17</sup> Liveodds og Instaspill kan berre spelast online (web og mobil).

Omsetning og gevinst – i millionar kroner	Tal- spel	Sports- spel	Skrape- lodd (papir)	Terminalspel (Multix og Belago) <sup>18</sup>	Instaspill	Totalt
Total brutto omsetning	11 243	3 575	1 071	4 060	22 644	42 594
Totalt til gevinst	5 649	2 693	587	3 759	21 395	34 083
Total netto omsetning	5 594	882	484	301	1 249	8 510
Gevinstprosent	50 %	75 %	55 %	93 %	94 %	80 %

Totalt gjekk 80 prosent tilbake til spelar som gevinst. 20 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål.

Lågast gevinstdel har talspel og skrapelodd med høvesvis 50 og 55 prosent.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 75 prosent der Liveoddsen har høgaste prosent (82 %). Dei andre oddsspela hadde ein samla gevinstdel på 76 prosent<sup>19</sup>. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 54.

Høgaste gevinstprosent har terminalspela med 93 prosent og Instaspill med 94 prosent.


På grunn av lågare gevinstdel på talspel er det her omsetninga er størst etter gevinstutbetaling.

To tredelar av netto omsetninga, eller nær 5,6 milliardar kjem frå talspela. Mesteparten her kjem frå Lotto, Viking Lotto og Eurojackpot.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk/kiosk eller via internett og mobil. Talet på kommisjonærar var 3 460 den 31. desember 2020.

Det meste av brutto omsetning gjekk via internett og mobil, og totalt 33 155 millionar kroner. 3 196 mill. vart satsa på sportsspel og 7 315 mill. på talspel (som Lotto og Extra). For Instaspill, der det berre kan spelast over internett og mobil, blei det satsa totalt 22 644 millionar kroner. Gjennom kommisjonærnettet gjekk det 5 378 mill.<sup>20</sup> på talspel, sportsspel og skrapelodd, og i tillegg 4 060 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago).

### Netto omsetning, Norsk Tipping AS, etter gevinstutbetaling 2020, totalt kroner 8 510 millioner. Millionar og prosent per spelkategori



<sup>18</sup> Multix: Brutto 2 131 mill. og netto 167 mill. Belago: Brutto 1 929 mill og netto 134 mill.

<sup>19</sup> Langoddsen 76 %. Oddsbomben har fast gevinstprosent på 60 %.

<sup>20</sup> Av dette utgjør *Spill i kasse* 279 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (talspel) som blir selt over disk i daglegvareforretningar.



## Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 8 510 kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	6 167	72 %
Driftskostnader Norsk Tipping <sup>21</sup>	1 824	21 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnerar)	520	6 %
Midlar som er haldne tilbake i NT <sup>22</sup>	0	0 %
Sum = netto omsetning	8 510	100 %

Til formåla gjekk det 6 167 millionar kroner eller 72 prosent av netto omsetning. For speleåret 2019 var prosenten til formål 68, som då utgjorde 5 555 millionar.

Frå 2020 - overskotet vart 5 393 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Det er i tillegg rekna med 40 mill. frå Belago-terminalane som formålsinntekt i

bingo, 717 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen. I beløpet inngår også 17 mill. til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2020 vart utbetalt til formål i 2021.

21 Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigerert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

22 Midlar som blir haldne tilbake i Norsk Tipping inngår i selskapet sin eigenkapital og kan disponerast til formål i komande år. Det vart ikkje halde tilbake midlar for speleåret 2020.

## Fordeling til overskotsformål – Tippetnøkkelen<sup>23</sup>

Frå fordeling frå 2020-overskotet gjekk kroner 3 230,6 millionar<sup>24</sup> til idrettsformål. 908,6 mill. til kulturformål og 908,6 mill.<sup>25</sup> til samfunnsnyttige eller humanitære organisasjonar. Kroner 345,1 millionar gjekk til helse- og rehabiliteringsformål (Stiftelsen Dam).<sup>26</sup>

Blant kulturformål fekk Den kulturelle skolesekken 307 mill., Frifondordningen 202 mill. Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg 56 mill.


### Idrett

Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.<sup>27</sup>

Tal i millionar kroner	
Idrettsanlegg	1 663,0
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	750,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	420,0
Spesielle aktivitetar	122,9
Forskings- og utviklingsarbeid	34,2
Nasjonalanlegg /spesielle anlegg	90,5
Prioriteringar i idrettstrategi	150,0
<b>Totalt</b>	<b>3 230,6</b>

Mykje av idretten sine spelemidlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 51 % og 23 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

### Prosentvis fordeling av idretten sine spelemidlar år 2020



<sup>23</sup> Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2021-2022) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 175 til 182.

<sup>24</sup> I tillegg er det brukt 29,0 mill. kroner av opptente renter frå tidlegare år. Det totale beløpet til fordeling i 2021 er difor 3 260 mill. kroner

<sup>25</sup> I tillegg er det brukt 5,6 mill. kroner av opptente renter frå tidlegare år. Det totale beløpet til fordeling i 2021 er difor 914,2 mill. kroner

<sup>26</sup> I tillegg er det brukt 0,2 mill. kroner av opptente renter frå tidlegare år. Det totale beløpet til fordeling i 2021 er difor 345,3 mill. kroner

<sup>27</sup> Pressemelding frå Kulturdepartementet 7. mai 2021, beløp er avrunda.

Totalt fekk samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar 914,2 millionar kroner.<sup>28</sup>

Midlane blir fordelt etter forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar frå speloverskotet til Norsk Tipping.

Beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får tildelt ein fast prosentdel basert på tilskot dei mottok i 2015. Andre organisasjonar som fyller krava i forskrifta kan søke om tilskot frå resten av beløpet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Det er ei minstegrense for å kunne delta i ordninga på 10 millionar kroner i søknadsgrunnlag.

Fordeling av speleoverskotet til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar i 2021	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2020
Norges Røde Kors	288,9 mill
Redningsselskapet	178,3 mill
Norsk Folkehjelp	21,9 mill
Tilskot som blir fordelt til øvrige organisasjonar etter søknad	425,1 mill
<b>Totalt</b>	<b>914,2 mill</b>

35 organisasjonar<sup>29</sup> har etter søknad fått tildelt 425 millionar kroner.

	Tal organisasjonar	Totalt tildelt
Helse	25	222,2 mill
Musikk/kultur/fritid	3	32,6 mill
Humanitær	3	104,5 mill
Diverse	4	65,9 mill
<b>Totalt</b>	<b>35</b>	<b>425,1 mill</b>

28 Frå: Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2021-2022) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 181.

29 Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

## Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2020 har det gått 717 millionar<sup>30</sup> til nærare 34 800 lokale lag og foreiningar. Inntil 7 prosent av innsatsen som blei satsa på spel i 2020 kunne gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølve bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2020-kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	374 583 098	9 637
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	71 093 172	6 974
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	71 063 137	6 908
Interesseorganisasjonar	Helse	44 321 812	2 774
Dyrevern	Diverse	32 559 111	143
Sosiale tenester	– fleire kategoriar	30 362 727	1 044
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	27 261 845	2 857
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	25 182 456	1 736
Andre helsetenester	– fleire kategoriar	11 730 875	507
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	6 066 214	257
Krisehjelp og støttearbeid	– fleire kategoriar	5 289 823	181
Trus- og livssynsorganisasjonar	Diverse	4 188 522	716
Økonomisk og materiell støtte	– fleire kategoriar	3 303 974	152
Mangfald og inkludering	– fleire kategoriar	3 158 597	323
Natur- og miljøvern	Diverse	2 084 989	263
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	1 541 394	11
Frivillighetssentraler	Musikk/kultur/fritid	1 369 428	107
Andre	Diverse	548 091	21
Politiske organisasjonar	Diverse	367 488	86
Bustad - og lokalmiljø	Diverse	269 948	39
Anna utdanning	Diverse	144 896	13
Forsking og utvikling	Diverse	121 359	5
Sjukehus og rehabilitering	Helse	74 867	4
Juridisk rådgiving	Diverse	67 879	2
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	39 280	3
Arbeidsopplæring	Diverse	17 145	1
Yrkessamanslutningar	Diverse	9 462	5
Sjukeheimar	Helse	8 396	1
Høgskule og universitet	Diverse	284	3
<b>Totalt</b>		<b>716 830 269</b>	<b>34 773</b>

<sup>30</sup> På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut ein mindre del som skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2020	Millionar	Prosent
Idrett	375	52 %
Helse	44	6 %
Musikk/kultur/fritid	196	27 %
Humanitær	8	1 %
Divers	40	6 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	54	8 %
<b>Totalt</b>	<b>717</b>	<b>100 %</b>

Største delen av grasrotmidlane, 52 prosent, har i 2020 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse- og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som Fleire kategoriar. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

## Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingo hallane der terminalane er utplassert.

For 2020 gjekk det frå desse terminalane 40,0 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalane (30 % av 133 millionar i 2020). Beløpet blir betalt ut gjennom bingoentreprenørane. Basert på kategorisering av ICNPO koder<sup>31</sup> (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler ser på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Millionar
Idrett	17,7
Helse	10,4
Musikk/kultur/fritid	9,4
Humanitær	1,4
Diverse	1,1
<b>Totalt</b>	<b>40,0</b>

<sup>31</sup> 138 lag og foreiningar med totalt 1,3 millionar i inntekt frå Belago er ikkje registrert med ICNPO kode, også desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

## Stiftelsen Dam

Stiftelsen Dam fekk 345 millionar frå tippenøkkelen og Norsk Tipping sitt overskot for 2020. Tidlegare var stiftelsen sitt namn ExtraStiftelsen.

## Fordeling til program frå Stiftelsen Dam


Stiftelsen Dam fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekkje organisasjonar. Frivillige helse-organisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine utlysingar. Frå speleoverskotet i 2020 delte stiftelsen ut 301 millionar. Her inngår også stiftelsen sitt program, Ekspres, der stiftelsen sine medlemsorganisasjonar har motteke 13 millionar. Fordelinga skjedde i 2021.

Fordeling til formål	Mill. kr	Prosent
Helse	151,9	60 %
Forsking	83,3	33 %
Utvikling	17,9	7 %
Sum	253,1	100 %
Ekspres	13,0	
Adm.tilskot til mottakarorganisasjon	34,7	
<b>Totalt</b>	<b>300,8</b>	

# Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,59 milliardar kroner i 2020.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel år 2020, totalt 3 589 millonar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 589	100 %
Totalt til gevinst	2 481	69 %
Total netto omsetning	1 108	31 %

I overkant av to tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og nær ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via internett. Talet på kommisjonærar med terminalar er redusert gjennom 2020, frå 1 471 (1. jan. 2020) til 1 321 (31. des. 2020). Ved utgangen av 2020 var det i Norge 11 trav- og galoppbaner, men det kan også spelast på løp i andre land.

25,3 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde nær 0,7 prosent, medan internett utgjorde 74 prosent. I 2019 utgjorde omsetninga over internett 66 prosent. 2020 var et spesielt år med fleire Covid-19-tiltak som påverka omsetning.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill. kr	Prosent
Kommisjonær (ikkje over internett)	911,5	25,3%
Baner	23,8	0,7 %
Internett/Mobil	2 653,6	74,0 %
Totalt	3 588,9	100,0 %

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter utbetaling av gevinstar, var det 1 108 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	564,1	51 %
Til operatør (Rikstoto)	461,6	42 %
Til kommisjonær	81,8	7 %
Sum = netto omsetning	1 107,5	100 %

Til formåla gjekk det 564 millionar kroner eller 51 prosent av netto omsetning. I 2019 var prosenten til formål 46, som då utgjorde 495 millionar. For 2020 har Rikstoto ikkje betalt statsavgift. Denne utgjorde 126 millionar kroner i 2019.

Fordeling til formål	Mill. kr
Løps- og oppdrettspremiar	154,6
Transporttilskot	1,3
Norsk Hestesenter	31,6
Det Norske Travelskap	174,4
Norsk Jockeyklubb	41,3
Bidrag avskrivning finans	7,8
Provisjon driftsselskap (banene)	153,1
Totalt <sup>32</sup>	564,1

## Forklaring til dei ulike formåla

**Løps- og oppdrettspremiar:** Dette er løpspremiar utbetalt til hesteeigarar i storløp og ordinære løp arrangert av banene. Her inngår også premiar til oppdrettarar med 16,6 millionar.

**Norsk Hestesenter** på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

**Transporttilskot** blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

**Det Norske Travelskap (DNT)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

**Norsk Jockeyklubb (NJ)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.


**Bidrag avskrivning finans** er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

**Provisjon driftsselskap (DS)** blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane.

<sup>32</sup> I årsmelding oppgir Rikstoto kroner 573,3 millionar. Stevneveterinær- og dopingkostnader med totalt 9,1 millionar er ikkje medrekna her.



Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto 2020, totalt kr 564 millionar



## Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærer fekk 81,8 mill. eller 7 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærer. Nettkommisjonærer tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira egne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	461,6
Andre inntekter	53,4
Samla kostnader	470,7
Årsresultat	44,3

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit overskot på 44,3 millionar i 2020. I 2019 var resultatet eit underskot på 22,5 millionar.

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over internett der ein kan kjøpe spel frå PC, nettbrett eller mobiltelefon. For fleire av spela er det same spel som ein kjøper hos tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i kategoriane KongKasino, Bingoria og online skrapespel hos Norsk Tipping samt Liveodds kan berre kjøpast over internett eller mobil.

Sidan 2018 har langt over halvparten av brutto omsetning hos begge operatørane kome frå spel over nett og mobil.

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest, og i 2020 var 74 % av spelet kjøpt på internett og mobil. Norsk Tipping har ein breiare spelportefølje, og totalt

kom 78 % av bruttoomsetninga på nett og mobil i 2020.

For Norsk Tipping sine kategoriar KongKasino, Bingoria og online skrapespel, kom 100 % via internett og mobil. Tilsvarande del frå sports- og talspel var høvesvis 89 % og 65 %. Norsk Tipping sine andre spel, Multix, Belago og Flax i papirformat, blir ikkje tilbydd over internett og mobil.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2020<sup>33</sup> og tal frå den norske marknaden, har vi tidlegare presentert resultat og anslag for spel på internett for 2020.

Prosent av brutto omsetning over internett og mobil	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Norsk Tipping	15 %	17 %	32 %	38 %	44 %	51 %	59 %	68 %	78 %
Norsk Rikstoto	32 %	36 %	40 %	43 %	46 %	49 %	62 %	66 %	74 %

<sup>33</sup> Kvartalsvise målingar gjort i 2020 (totalt 4 000 spurde over 18 år).

Frå desse undersøkingane har 29 prosent av nordmenn, 18 år og eldre, brukt internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2020 utgjorde dette i overkant av 1,2 million nordmenn over 18 år. 95 prosent av nettspelarane sa dei hadde spelt hos Norsk Tipping eller Norsk Rikstoto.

14 prosent av nettspelarane svarte at dei hadde spelt på utanlandske nettstader, noko som utgjør fire prosent av nordmenn 18 år og eldre.

Lotteritilsynet reknar ikkje med at spørjeundersøkingane fangar opp alle som spelar, men meir dei som spelar ofte og regelmessig, enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

For 2020 anslår Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling (netto omsetning) la igjen mellom 1 700 og 2 100 millionar kroner på utanlandske nettstadar.

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

## Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Lotteriregisteret med informasjon om 48 bingoentreprenørar som til saman dreiv 223 bingolokale per 31. desember 2020. Talet på entreprenørar er ein mindre enn i 2019, og talet på lokale er auka med seks sidan 2019<sup>34</sup>.

### Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2020

Brutto omsetning sidespel er inkludert	3 707 mill kr
Gevinst	2 969 mill kr
Netto omsetning	738 mill kr
– administrativ kostnad	556 mill kr
– overskot til formåla <sup>35</sup>	182 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	25 %
Gevinstprosent	80 %

Entreprenørbingo omsette for 3,7 milliardar kroner i år 2020. Til lag og organisasjonar vart det overført 182 millionar kroner eller 5 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 80 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 25 prosent.

Samanlikna med 2019 er omsetninga redusert. Dette heng naturleg nok saman med korona-pandemien der bingohallane var stengde gjennom delar av 2020. Brutto omsetning i 2019 var 4 638 millionar kroner, og netto omsetning var 807 millionar kroner.

Formåla har dermed fått mindre inntekt frå bingo enn i 2019. Reduksjonen utgjorde 21 millionar. Dei fleste formåla hos bingoentreprenørar har i tillegg inntekt frå Belago der inntektene også er redusert. Totalt er inntektene til formåla redusert med 47 millionar.

Norsk Tipping sine Belago-terminalar er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2020 fekk formåla 40 millionar kroner frå Belago, ein reduksjon på 26 millionar kroner frå 2019.

<sup>34</sup> I 2019 rapporterte vi om 217 bingohallar per 31.12. I flg. Lotteriregisteret var korrekt tal 223 ved årsskiftet.

<sup>35</sup> Etter at entreprenørar sine utlegg for organisasjonane sine gebyr er trekte i frå (totalt 6 millionar).

## Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2020

Tal i millionar kroner	Brutto-omsetn.	Gevinst	Gevinstprosent	Netto-omsetn.	Til formål	% til formål av nettoomsetning
Hovudspel	944	686	73 %	258	41	16 %
Sidespel:						
– databingo	2 763	2 283	83 %	480	141	30 %
– papirsidespel	0,4	0,3	71 %	0,1	0,03	30 %
<b>Totalt</b>	<b>3 707</b>	<b>2 969</b>	<b>80 %</b>	<b>738</b>	<b>182</b>	<b>25 %</b>

For hovudspel har netto omsetning samla sett hatt ein reduksjon frå 2019 då den var oppgitt til 283

millionar kroner.

Grunna covid-19 har bingohallar vore stengde i delar av 2020. Dette har påverka omsetninga samanlikna med 2019. Hovudspelet kan også spelast på nett, og dette har auka vesentleg frå 2019. For 2019 var det ei brutto omsetning på 40 millionar kroner i hovudspel på nett. For 2020 vart dette auka til 206 millionar.

Netto omsetning for sidespel er redusert frå 524 millionar i 2019. Totalt sett er netto omsetning redusert med 69 millionar samanlikna med 2019.

80 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 83 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 182 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo utan at Belago er

rekna med. 78 prosent av desse inntektene kom frå sidespela, og det meste kom frå databingo (141 millionar kroner).

Bingoentreprenørane har rapportert at dei spelte for 3 106 lag og foreiningar i år 2020.


Mange lag og organisasjonar som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar som er utplassert i bingo hallar. For 2020 vart det gjennom bingoentreprenørane fordelt 40 millionar kroner.

Ved utgangen av 2020 var det totalt utplassert 1 569 Belago-terminalar i 209 bingo hallar. Bingoentreprenørane har rapportert at dei har fordelt inntekt frå Belago til 3 058 lag og foreiningar.

Med unntak av eitt lokale stod det ved utgangen av året databingo-terminalar i alle bingo hallane, og vi reknar med at det var utplassert mellom 6 000 og 7 000 terminalar.

Formål	Bingoinntekter (hovud - og sidespel) <sup>36</sup> Mill.	Belagoinntekter <sup>37</sup> Mill.	Totalt Mill.	Prosent
Idrett	85	18	103	46 %
Helse	42	10	52	23 %
Musikk/kultur/fritid	44	9	53	24 %
Humanitær	6	1	7	3 %
Diverse	5	1	6	3 %
<b>Totalt</b>	<b>182</b>	<b>40</b>	<b>222</b>	<b>100 %</b>

Inntekt til formåla i 2020 medrekna Belago, totalt 222 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 103 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreningar innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 52 og 53 millionar kroner.

<sup>36</sup> 138 lag og foreningar var utan ICNPO-kode, men er her plassert på dei fem kategoriane. Dette gjeld også dei som har ICNPO-koder som omfattar fleire kategoriar.

<sup>37</sup> Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

## Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som foreinings- eller bygdebingoar.

I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Lotteriregisteret og mottekne bingorekneskap for 2020, 103 rekneskap for vanleg foreiningsbingo og 72 rekneskap for radio- /TV-bingo.

### Bingo utan entreprenør – nøkkeltal år 2020

	Foreiningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	21 mill kr	95 mill kr	116 mill kr
Gevinst	14 mill kr	34 mill kr	47 mill kr
Netto omsetning	7 mill kr	61 mill kr	68 mill kr
– administrativ kostnad	3 mill kr	7 mill kr	10 mill kr
– overskot til formål	4 mill kr	54 mill kr	59 mill kr
Berekna del til formåla av netto omsetning	64 %	89 %	87 %
Gevinstprosent	67 %	35 %	41 %

Brutto omsetning for bingo utan entreprenør var

på 116 millionar kroner i 2020, fordelt på høvesvis 21 millionar kroner for foreiningsbingo<sup>38</sup>, og 95 millionar for radio/TV-bingo.

Koronapandemien har i 2020 redusert omsetninga for foreiningsbingo, og brutto omsetning er redusert frå 54 millionar i 2019 til 21 mill. i 2020. Radio- og TV-bingo har derimot auka brutto

omsetninga frå 73 millionar i 2019 til 95 mill. i 2020. Total brutto omsetning er redusert frå 127 millionar i 2019 til 116 mill. i 2020.

Beløp som er rapportert til formål er for ein del bingoløyve det same talet som for netto omsetning. Reelt beløp til formålet vil dermed være noko lågare enn det som kjem fram her.

<sup>38</sup> Omsetning inklusiv papirsidespel.

I tillegg til bingo har vi for 2020 registrert nærare 2 400 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Her viser vi tal for landslotteria, lotteria etter § 7 i Lotterilova, mindre lokale og regionale lotteri. Poker-NM vart ikkje arrangert i 2020.

## Landslotteri

Landslotteri er landsdekkjande.

For 2020 har vi fått innrapportert 24 lotteri. I 2019 var talet 30.

### Landslotteri – nøkkeltal år 2020

Loddsal	99,5 mill kr
Gevinstkostnad	8,7 mill kr
Netto omsetning	90,9 mill kr
– administrative kostnader	52,9 mill kr
– overskot til formåla	37,9 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	38 %
Formåla sin del av netto omsetning	42 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	9 %

Total omsetning var 100 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2020 var 9 millionar. Dette er kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte i frå. Administrative kostnader utgjorde 53 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 38 millionar. Dette utgjorde 38 prosent av brutto- og 42 prosent av netto omsetning.

Merk at tal for landslotteri frå og med 2018 ikkje kan samanliknast med tidlegare år. Dette er fordi lotteri etter paragraf 7 i lotterilova no blir presentert for seg, medan dette til og med 2017 var presentert i lag med landslotteri. I 2017 gjaldt dette Pantelotteriet og UNICEF-lotteriet.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlemssal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.



## Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>39</sup>	Brutto oms. (mill.)	Overskot (mill.)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	8,9	5,9	9 %	15 %	66 %
Helse	66,5	22,5	67 %	59 %	34 %
Musikk, kultur og fritid	4,7	3,3	5 %	9 %	70 %
Humanitær	16,6	5,4	17 %	14 %	32 %
Diverse	2,8	0,9	3 %	2 %	33 %
<b>Totalt</b>	<b>99,5</b>	<b>37,9</b>	<b>100 %</b>	<b>100 %</b>	<b>38 %</b>

Helseorganisasjonar har størst omsetning og totalt 67 prosent av heile marknaden.

## Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill.)	Adm. kostn. (mill.)	Overskot (mill.)	Adm. kostn. av netto omsetning	Overskot av netto omsetning
Idrett	8,3	2,4	5,9	29 %	71 %
Helse	60,7	38,2	22,5	63 %	37 %
Musikk, kultur og fritid	3,9	0,6	3,3	16 %	84 %
Humanitær	15,6	10,2	5,4	65 %	35 %
Diverse	2,4	1,5	0,9	63 %	37 %
<b>Totalt</b>	<b>90,9</b>	<b>52,9</b>	<b>37,9</b>	<b>58 %</b>	<b>42 %</b>

Administrative kostnader utgjorde 53 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

Av landslotteria er det berre Landsforeningen for hjerte- og lungesyke sitt eige lotteri som har ei omsetning over 10 millionar kroner. I 2020 omsette LHL sitt lotteri for 43 millionar mot 45 millionar i 2019.

## Større lotteri etter § 7 i Lotterilova

Dette er lotteri som kvar kunne ha ei årleg omsetning på inntil 300 millionar kroner.

I 2020 var det totalt fem slike lotteri. To av lotteria avslutta verksemda i løpet av 2020. Dette gjeld Unicef-lotteriet og Klimalotteriet. Det største lotteriet i 2020 var Pantelotteriet. Dette har vore i marknaden i mange år og hadde ei brutto omsetning på 255 millionar. Det nest største var Postkodelotteriet som nådde ei omsetning på 198 millionar.

Omsetninga for desse lotteria nådde i 2020 totalt 459 millionar mot 302 millionar året før. Både Pantelotteriet og Postkodelotteriet har auka omsetninga. For Pantelotteriet er det nemnt at koronapandemien reduserte kraftig kjøp av brus i Sverige. Dermed har det blitt mer norsk tomgods å pante i 2020.

<sup>39</sup> Liste over organisasjonane i vedlegg.

## § 7– lotteri, nøkkeltal år 2020

Loddsal	458,9 mill kr
Gevinstkostnad	184,8 mill kr
Netto omsetning	274,2 mill kr
– administrative kostnader	132,6 mill kr
– overskot til formåla	141,5 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	31 %
Formåla sin del av netto omsetning	52 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	40 %

Organisasjonane som hadde inntekter frå desse lotterier i 2020 var Norges Røde Kors (Pantelotteriet), WWF Norge og SOS-Barnebyer Norge (Postkodelotteriet), Unicefkomiteen Norge (Unicef-lotteriet), Regnskogsfondet, Caritas Norge og Utviklingsfondet (frå Klimalotteriet) samt Right to Play (FotoLotto).

Blant formål har 115 millionar gått til organisasjonar i kategori Humanitær, medan nær 26 millionar går til miljøorganisasjonar som fell inn under kategorien Diverse.

## Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det arrangert om lag 2 360 lokale og regionale lotteri i 2020. 2 308 var meldingslotteri og i tillegg har 48 lotteri fått løyve<sup>40</sup>. Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat for meldingslotteri.

### Lokale/regionale lotteri – estimerte nøkkeltal år 2020

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	150 mill kr
Gevinstkostnad	30 mill kr
Netto omsetning	120 mill kr
– administrative kostnader	10 mill kr
– overskot til formåla	110 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	73 %
Formåla sin del av netto omsetning	92 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	20 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

## Poker-NM

På grunn av korona-pandemien vart ikkje Norgesmeisterskapen i poker arrangert i 2020.

<sup>40</sup> Arrangør av lotteri med omsetning opp til kroner 200 000,- per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning over kroner 200 000,- treng løyve frå Lotteritilsynet.

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter eiga forskrift. Av netto omsetning skal 20 prosent gå til lotteriverdige organisasjonar. I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskrifta. Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2020 for 302 millionar om bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, og berre 3 prosent vart satsa ved spelebord.

## Spel på skip – nøkkeltal 2020

<b>Brutto omsetning<sup>41</sup></b>	
– Automatar	292,2 mill kr
– Spelebord	9,9 mill kr
– Totalt	302,1 mill kr
<b>Utbetalt gevinst</b>	
– Automatar	254,4 mill kr
– Spelebord	6,4 mill kr
– Totalt	260,8 mill kr
Total netto omsetning	41,3 mill kr
– administrativ kostnad	33,0 mill kr
– overskot til formåla	8,3 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	3 %
Formåla sin del av netto omsetning	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	86 %

8,3 millionar var fordelt til 94 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	6,7	81 %
Helse	0,2	2 %
Musikk/kultur/fritid	0,9	10 %
Humanitær	0,3	3 %
Diverse	0,3	4 %
<b>Totalt</b>	<b>8,3</b>	<b>100 %</b>

<sup>41</sup> Brutto omsetning for automatar er det totale beløpet det er spelt for, både det som er lagt på automatar av fysiske pengar og spel av gevinstar som ikkje først er utbetalte. For spelebord er brutto omsetning verdien på talet sjetongar som er kjøpt.

## English summary

In 2020 the turnover in the Norwegian gambling and lottery market amounted to NOK 51.0 billion. Out of this, the players collected NOK 40.1 billion in prize money.

This left an expenditure of near NOK 11.0 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 49.6 billion in 2019.

### Key figures in the gambling market in Norway

Year 2020	Million	
	NOK	EUR <sup>42</sup>
Gross turnover (total wagered)	51 015	4 759
Prizes	40 065	3 737
Net turnover (expenditure/loss/GGR)	10 950	1 021

Year 2020	Amount wagered		Expenditure / GGR	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita <sup>43</sup>	9 483	885	2 036	190
Per capita, 18 years and older	11 963	1 116	2 568	240
Per household <sup>44</sup>	20 389	1 902	4 377	408
Percentage of disposable income <sup>45</sup>	3,22 %		0,69 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 9,483 in 2020.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 2,036. This amounts to 0.7 % of the disposable income per household.


<sup>42</sup> Average rate of exchange 2020 as determined by Norges Bank: 10.7207.

<sup>43</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>44</sup> The average number of persons per household is 2.15. (Figures from Statistics Norway)

<sup>45</sup> Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 1,582,001 million.

## The Norwegian gambling market – gross turnover (sales) in 2020, total NOK 51 015 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e., approximately NOK 42.6 billion (of this 4.1 billion on IVTs and 22.6 billion on interactive online games<sup>46</sup>). Norwegians wagered NOK 3.6 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover close to NOK 3.8 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 3.7 billion. Also included here are side games (electronic<sup>47</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is NOK 116 million.

Among the lotteries, five licensed and the nationals have the highest turnover at NOK 558 million. For the other lotteries, we stipulate a turnover of NOK 150 million.

In 2020 the Norwegian championship in tournament poker (*Poker-NM*) was cancelled due to covid-19.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 302 million in 2020<sup>48</sup>.

<sup>46</sup> Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 301 million, and NOK 1,249 million on online Casino, online Scratch games and online Bingo.


<sup>47</sup> Bingo machines

<sup>48</sup> For table games the value of chips purchased. For slot machines the total value of all games played.

The Norwegian gambling market 2020, market shares of gross turnover (sales)



The Norwegian gambling market 2020, market share of gross gaming revenue (GGR)



## Om talmaterialet

Talmaterialet i rapporten bygger hovudsakleg på tal rapportert frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping er for det meste henta inn frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Stiftelsen Dam er oppgitt av stiftelsen sjølv.

Bingoentreprenørar har rapportert sine tal til Lotteritilsynet og vi har registrert tala i Lotteri-registeret. For landslotteri og større lotteri byggjer talmaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre lokale og regionale lotteri er omsetningstala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysningar for 2020.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

## Kategorisering av formål

### Idrett/sport

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

### Helse

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund

### Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

### Humanitær verksemd

Bl.a. Røde kors, Redningssselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

### Diverse organisasjonar

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Vi har også brukt ICNPO-kodane til organisasjonane for å gruppere til desse kategoriane.



## Landslotteri 2020 – organisasjonane i dei ulike kategoriane

<b>Idrett</b>	Norges Fotballforbund (2 lotteri) Norges Gymnastikk- og Turnforbund (2 lotteri)
<b>Helse</b>	Diabetesforbundet Foreningen for Muskelsyke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen Uventet Barsedød MS-forbundet Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norsk Cøliakiforening Norske Kvinners Sanitetsforening Psoriasis- og eksemforbundet Stoffskifteforbundet
<b>Musikk, kultur og fritid</b>	4H Norge Norges Musikkorps Forbund
<b>Humanitær</b>	Adopsjonsforum Norsk Folkehjelp Redningsselskapet
<b>Diverse</b>	Dyrebeskyttelsen Norge MA – rusfri trafikk Noregs Mållag

Tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar,  
– frå Norsk Tippings overskot i 2020 – utbetalt etter søknad i 2021

Organisasjon	Mill kr
ADHD Norge	1 959 620
Barnekreftforeningen	7 231 173
Blå Kors Norge	13 405 444
Cerebral Parese-foreningen	1 951 310
Den Norske Turistforening	17 776 923
Diabetesforbundet	8 164 113
Dyrebeskyttelsen Norge	1 538 882
Dysleksi Norge	1 353 186
Epilepsiforbundet	1 803 881
Forandringsfabrikken stiftelse	2 762 304
Foreningen for hjertesyke barn	3 480 616
Frelsesarmeen	57 726 157
HLF Hørselshemmedes Landsforbund	10 591 124
IOGT i Norge	3 879 529
Kirkens SOS	5 333 235
Kreftforeningen	68 179 486
Landsforeningen for hjerte og lungesyke	17 157 691
Landsforeningen Uventet Barsedød	1 321 750
Mental Helse	10 436 908
MS-forbundet	2 128 779
Nasjonalforeningen for folkehelsen	16 048 420
Norges Astma-og Allergiforbund	4 314 697
Norges Blindeforbund	27 491 877
Norges Døveforbund	1 788 252
Norges Handikapforbund	7 328 371
Norges Jeger og Fiskerforbund	12 528 469
Norges Livredningsselskap	1 831 142
Norges Parkinsonforbund	2 098 674
Norsk cøliakiforening	1 856 401
Norsk Fosterhjemsforening	1 453 777
Organisasjonen Voksne for Barn	3 143 716
Rådgivning Om Spiseforstyrrelser	2 141 908
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	64 500 956
Stiftelsen Livsglede for Eldre	2 274 130
Stiftelsen Norsk Luftambulanse	38 121 959
<b>Totalt</b>	<b>425 104 860</b>

## Berekening for lokale/regionale lotteri

For 2020 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri <sup>49</sup>	Lotteri med løyve <sup>50</sup>
Brutto omsetning i snitt	52 000	528 000
Samla gevinstprosent (kostnad)	15%	35%
Overskot av brutto omsetning	85%	59%
Tal meldingar/ løyve	2 308	48

(Beløp i mill. kroner)			Totalt	Avrunda
Estimert brutto omsetning	121 mill	25 mill	146 mill	150 mill
Estimert gevinst	18 mill	9 mill	27 mill	30 mill
Estimert netto omsetning	102 mill	16 mill	119 mill	120 mill
Estimert overskot til formåla	100 mill	15 mill	115 mill	110 mill

Estimert brutto omsetning år 2020 *	150 mill
- Gevinst *	30 mill
= Netto omsetning	120 mill
administrativ kostnad	10 mill
= overskot	110 mill
Formåla sin del av brutto omsetning	73 %
Formåla sin del av netto omsetning	92 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	20 %

\*) Avrunda beløp er runda opp til næraste 10 mill.

49 Gjennomsnittleg loddsal frå 953 rekneskap registrert av Lotteritilsynet var for 2020, kr 52 270

Gevinstprosent og prosent til formål er beregnet på grunnlag av rapporterte tal i 2020 og tidlegare år.

50 Gjennomsnittlege tal frå rekneskap for alle 48 lotteri med løyve for 2020, kr 528 069,-



Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde  
Tlf.: 57 82 80 00  
postmottak@lottstift.no  
lottstift.no

